

Bokn 28. november 2017

Utsegn til Rådmannen sitt forslag til Drifts- og investeringsbudsjett 2018 og Økonomiplan 2019-2021.

Tillitsvalde i fagforeiningane Fagforbundet, NSF og UDF takkar for å ha fått tilsendt Rådmannen sitt forslag den 17. november 2017. Vi har nokre kommentarar og spørsmål til dokumentet.

Rådmannen legg fram tal som tyder at Bokn kommune vil få stram økonomi i åra som kjem. Dei tillitsvalde støttar Rådmannen si vurdering om at bør visast måtehald til store nyinvesteringar. Vi er opptekne av jobbtryggleik for våre medlemmar.

Vi viser til punktet om auka grad av samanslåing av klassar for å effektivisere drifta av skulen (s. 34).

Signal frå kommunalsjef om denne samanslåinga er at den vil gjelde alle klassane og alle faga – med andre ord at ein tenkjer ikkje unngå samanslåing i kjernefaga norsk, matematikk og engelsk, eller skjerm 1. og 10. klasse frå samanslåing. Vi stiller spørsmål til om dette er heldig ut frå læringsperspektivet.

Vi viser til oppsummeringa av stillingsrammer for skulen (s. 36-37) der dokumentet lister opp dei ulike stillingane som utgjer personalet på skulen: Det går ikkje tydeleg fram i dokumentet kva som faktisk er planen for kommande skuleår, og vi har derfor ikkje tydeleg informasjon å presentere for våre medlemmar. Dette meiner vi er uheldig då det skapar usikkerheit blant dei tilsette.

Vi vil også påpeike at det er nemnt 5,23 assistentstillingar, noko som er misvisande. Det er berre to personar som har tittel assistent. Dei andre er barne- og ungdomsarbeidarar.

Vi har forstått at det skal kuttast i talet på årsverk i skulen, ettersom dokumentet stadfestar at 3 lærarstillingar går ut 31/7-2018 – altså vikariat vert ikkje forlenga. Det står også at administrasjonen utgjer 1,5 stillingar. Per i dag utgjer administrasjonen i skulen minst 1,7 stillingar. Tyder dette at de skal kutte i administrasjonen?

Under punkt for Rammeområde 4 - Sosial og barnevern (s. 48) vi vil uttrykke beklaging over at alle NAV-tenester vart flytta til Karmøy. Dette gjer kvardagen vanskelegare for dei som skal bruke desse tenestene.

Med helsing



Rannveig F. Øvrebø
HTV i Fagforbundet



Monica Kallevik
HTV i NSF



Elin F. Kjetland
HTV i UDF